

Verjekontrakt Festidalen

Festidalen har 18 års aldersgrense, men mindreårige er hjarteleg velkomne i følgje med verje.

- Som verje vert akseptert edru person fylt 30 år, og/eller som er forelder til den mindreårige.
- Verja kan ikkje vere synleg rusa på Festidalen.
- Verja må legitimera seg og levera utfylt verjekontrakt ved inngang til Festidalen.
- Eit verje kan ha ansvar for maksimalt 2 mindreårige.
- Verja skal ha mobiltelefon med vibreringsfunksjon på under heile opphaldet på og ved Festidalen.
- Mindreårige og/eller verje som kjem rusa til Festidalen vil verta avvist.

Namn på verja	Mobiltelefon til verja	Personnummer (11 siffer) til verja
Namn på mindreårig (1)	Fødselsdato mindreårig (1)	

Hugs å fylla ut verjekontrakt på førehand

Når ein skal inn på eit arrangement med så mykje folk som Festidalen-konsertane på Dønhaug, er det viktig å få redusert køståinga. Derfor er det lurt å oppsøkje festivalkontoret på førehand og få veksla billettar inn i armband, og få ordna med verjekontrakt dersom ein skal vera verje for publikummarar under 18 år.

Festidalen har 18 års aldersgrense på konsertane på Dønhaug-jordet fredag og laurdag, men mindreårige er også hjarteleg velkomne i følgje med ein verje. Det må då fyllast ut ein verjekontrakt, og det bør gjerast på førehand. Verjekontrakt og eventuell hjelp til utfylling får ein på festivalkontoret i Gamleskulen. De kan også skriva ut verjekontrakt frå internett. De finn det under fana Informasjon på www.festidalen.no. Ferdig utfylt verjeskjema tar ein med og henvender seg i 'verjebua' heilt nede ved Kjærlandsvegen før inngang. Verja må sjølvstøtt oppfylla ein del vilkår i tillegg til å levera signert verjekontrakt:

- Verja må vera edru og fylt 30 år og/eller forelder til den mindreårige.
- Verja må legitimera seg ved innlevering av kontrakt i ved inngangen.
- Ein kan vera verje for maksimalt to mindreårige.
- Verja skal ha mobilen på vibreringsfunksjon under heile opphaldet på Festidalen.
- Mindreårige eller verje som kjem rusa til Festidalen vert avviste.

Verjeordninga har til no fungert bra. Dei mindreårige har kosa seg saman med resten av publikum første delen av kvelden fram til verja har fulgt dei ut av området og sytt for at ungdommane har kome seg trygt heim.

Tekst, skjerm bilde og nett: Thor Inge Døssland